

## EKSAMENSOPPGÅVE

### JUS2111– Statsforfatningsrett, folkerett og menneskerettigheter Haust 2022

Dato: 16.12.2022

Tid: 09.00

---

Line Vold og Fatima Ås var gamle skulevenninner. Ved stortingsvalet hausten 2021 vart begge valde inn på Stortinget, men for kvart sitt parti. Fatima representerte Fridomspartiet, medan Line representerte Liberalistane. Ved regjeringsdanninga gjekk Liberalistane inn i ei koalisjonsregjering med to andre parti, og Line Vold vart utnemnt til justisminister i den nye regjeringa. Fridomspartiet gjekk ikkje inn i regjering. Fatima vart difor sitjande i opposisjon på Stortinget.

Vinteren 2022 vart Stortinget utsett for eit alvorleg hackaråtak, og dei neste vekene avdekte politietterforskinga at hackarane hadde henta ut sensitive data. Dette omfatta mellom anna e-postane til enkelte stortingsrepresentantar og møteagendaane for de hemmelege møta i Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen (DUUFK). Den 23. mars gjekk politiet ut med informasjon om at etterforskingsspora peika i retning av at hackaråtakinget kom frå den vesle stillehavsstaten Bajiti, men at metodane som var nytta, tyda på at Bajiti hadde fått hjelp av ei stormakt. Staten Bajiti nektet derimot for å ha hatt noko som helst å gjera med åtakinget, men kunne ikkje utelukke at ei stormakt hadde brukt hemmelege agentar som mellombels opererte frå landet, med det føremålet å skjule spora sine og leggje skulda på Bajiti.

Fatima, som hadde vorte parlamentarisk leiar for Fridomspartiet, og såleis òg medlem av DUUFK, var med på å utforme spørsmål til justisminister Line Vold om kva regjeringa gjorde for å sikre landet og sentrale samfunnsfunksjonar mot hybride åtak frå framande statar. Line Vold møtte i spørjetimen på Stortinget 30. mars, saman med statsministeren, og gjorde greie for regjeringa si handtering av «hackar-saka». Statsministeren sa at regjeringa følgde situasjonen nøye, og at saka var under politietterforsking. Justisminister Line Vold presiserte vidare at «me har innkalla Bajiti sin ambassadør til Noreg på teppet og gjort det klart overfor han at Noreg ser med alvor på rolla til Bajiti, og at me fordømmer desse handlingane».

I etterkant av regjeringa hadde gjort greie for dette, kontakta norske medium Bajiti sin ambassadør, den kjende Duke Vernissage, òg kalla «Hertugen», som nekta for at Bajiti hadde hatt noko som helst å gjera med hackar-åtakinga. Duke Vernissage var ein britisk mangemillionær med hertugtittel. Få år tidlegare hadde han kjøpt eit bajitisk statsborgarskap i tillegg til sitt britiske. Britisk tabloidpresse hadde fleire gonger omtala Hertugen som ei partyløve og ein damemagnet. No fungerte han som ambassadør for Bajiti, med tilhald i en praktvilla i Parkveien i Oslo, der det gjekk rykte om elleville festar. For studentane i Oslo sentrum var han òg velkjend, sidan han av og til kom



ridande gjennom Slottsparken og parkerte hesten sin i Universitetshagen for å handle på Paleet. Bajiti si kopling til «hackar-saka» gjorde no at norske medium fråtsa i gamle britiske tabloidhistorier om Hertugen, det personlege livet hans og mange damehistorier.

I byrjinga av mai slapp nettavisa Dagens NettNyhende (DNN) ei "nyheitsbombe" under overskrifta «Hertugen og justisministeren i eit romantisk forhold?». I ei thriller-liknande historieforteljing dag for dag kunne DNN fyrst avsløre eit kornete bilete, teke med telelinse frå hagen og inn i villaen i Parkveien, som viste Hertugen omfamme ei kvinne som kan hende kunne vera Line Vold. Dagen etter publiserte DNN eit intervju med begge, der dei kvar for seg nekta for at kvinna på biletet var Line. Eit par dagar etter det att skreiv DNN at opplysningane som Line hadde gjeve i Stortinget 30. mars, måtte vera feil. Innsyn som DNN hadde fått i kalenderinnføringar hjå Utanriksdepartementet og Justisdepartementet, viste nemleg at Bajiti sin ambassadør Duke Vernissage fyrst hadde vorte «innkalla på teppet» den 1. april, altså to dagar etter at regjeringa gjorde greie for saka i Stortinget.

På bakgrunn av avisoppslaga vart justisminister Line Vold i spørjetimen på Stortinget 11. mai bedt om ei forklaring på når ambassadøren hadde vorte innkalla, og kva som hadde vorte kommunisert. Ho svarta då at ho ikkje hugsa den eksakte datoen, men «det kan ha vore 1. april eller tidlegare». På eit direkte oppfølgingsspørsmål frå stortingsrepresentant Tastad om «ho hadde, eller hadde hatt, eit romantisk forhold til ambassadør Duke Vernissage», svarta ho at «eg har aldri hatt eit forhold til den hertugen, og i alle tilfelle er det ei privatsak som eg ikkje treng å svarta på, så jeg oppmodar stortingspresidenten til å klubbe ned det krenkjande spørsmålet fra representant Tastad». Stortingspresidenten brukte så klubba og sa frå til Tastad at spørsmål om statsrådene sitt privatliv ikkje hørde heime i stortingssalen.

Tre dagar seinare slapp nettavisa DNN endå ei nyheitsbombe. Denne gongen slo avisa stort opp ein e-post som dei hadde fått tak i, sendt frå justisminister Line Vold til hennar gamle skulevenninne Fatima Ås. E-posten var sendt fra den private hotmail-kontoen til Line til Fatima si e-postadresse på Stortinget, og han var datert 5. mars 2022. I denne e-posten skreiv Line at ho gjerne ville treffe Fatima over ein kopp kaffi for ein «venninneprat». Ho skreiv vidare at «endeleg har eg møtt mannen i livet mitt, sjølvaste Duke Vernissage, og me er veldig hemmeleg forelska». DNN nekta å oppgje kjelda til lekkasjen.

Etter å ha lese nyhenda om e-posten i DNN over «afternoon tea»-en sin, kasta Hertugen seg på hesten og reid med det same til Grønland politistasjon. Der melde han nettavisa DNN for krenking av respekten for privatlivet etter Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8. Lovheimel fanst i straffelova § 267. Han viste til at fleire av oppslaga innebar ei krenking av retten hans til privatliv, både kvar for seg og i alle fall når ein las alle oppslaga om han i samanheng. Han viste særleg til at biletet av kvinna i villaen i Parkveien var teke gjennom vindauget og inn i den private heimen og og ambassadørbustaden hans på ein «paparazzi-aktig» måte. Når det gjaldt publiseringa av e-posten, viste han til at sjølv om Fatima og Line var offentlege personar i Noreg, var ikkje han ein offentlig person som DNN kunne skrive om. Han framheva òg at han måtte ha eit sterkere vern om respekten for privatlivet enn andre, av di han var ambassadør, og det sjølv om han skulle bli rekna for å vera

ein offentlig person. DNN svara at publiseringane låg innanfor yringsfridomen deira, jf. Grunnlova § 100 og EMK artikkel 10. Avisa hevda at saka på generelt grunnlag hadde stor offentlig interesse og omhandla sider ved riket sin tryggleik. Den offentlege interessa saken hadde, tilsa difor at respekten for privatlivet måtte vike i dette tilfellet. Avisa meinte òg at Hertugen var ein offentlig person av di han var kjend for å ri hest i gatene i Oslo, og av di britisk tabloidpresse tidlegare hadde skrive om privatlivet hans elles.

Hertugen melde òg den norske staten for brot på Vienna Convention on Diplomatic Relations artikkane 22 (2), 29 siste setning og 30. På Baijiti vart den norske ambassadøren samstundes kalla inn på teppet. Der vart det vist til at Noreg hadde brote folkeretten ved ikkje å hindre publisering av informasjon om privatlivet til ambassadør Duke Vernissage, og heller ikkje hindre at det vart teke og publisert paparazzi-bilete gjennom vindauget i villaen i Parkveien. Utanriksdepartementet hevda – på vegner av den norske staten – at dei ikkje var kjende med publiseringa til DNN før ho skjedde, og at dei i alle tilfelle ikkje hadde kunna stoppe publiseringa dersom dei hadde fått kjennskap til det på førehand, jf. Grunnlova § 100 fjerde ledd. Utanriksdepartementet viste vidare til at spørsmålet om Hertugen sitt privatliv var krenka, utelukkande måtte vera ein tvist mellom han og DNN.

I Stortinget 7. juni vart det votert over riksrettstiltale mot justisminister Line Vold. Tiltala mot Line Vold gjaldt brot på Grunnlova § 82, og ho fekk akkurat simpelt fleirtal i Stortinget, med berre éi røyst overvekt. Line si venninne Fatima var av dei som røysta for riksrettstiltala, og det var sikkert at dersom ho hadde røysta annleis, hadde det ikkje vorte fleirtal for tiltala mot Line. Line hevda difor at riksrettstiltala ikkje var gyldig, sidan Fatima sjølv var så involvert i saka på fleire måtar at ho måtte vera å rekne som inhabil, og difor ikkje hadde gyldig røysterett under Stortinget si handsaming av riksrettstiltala. Line framheva òg at riksrettstiltala ville vera å rekne som ein siger for den framaede staten som hadde hacka e-postkontoen.

Vidare hevda Line at påstandane om brot på Grunnlov § 82 var absurde, og at ho aldri hadde sagt noko feil i Stortinget. Ho viste mellom anna til at ho berre hadde uttala seg litt upresist om tidspunktet for når ho hadde teke opp hackar-saka med Hertugen, men at tidspunktet ikkje hadde noko å seia, sidan ho i alle tilfelle hadde prata med han. Og når det gjaldt det romantiske forholdet hennar til Hertugen, så hevda ho at dette var ei privat sak som ho ikkje hadde plikt til å svara på i Stortinget, og at det ho sa i Stortinget 11. mai, difor fall utanfor det som blir regulert av Grunnlova § 82.

*Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla oppgåva reiser. Du skal ikkje gå inn på spørsmålet om Hertugen kan ri på hest i gatene i Oslo og parkere hesten i Universitetshagen, eller på eventuelle spørsmål knytte til pressa sitt kjeldevern.*

\*\*\*

Oslo, haust 2022

Professor Hans Petter Graver  
Faglig eksamensleder